

# La Bohème



Kjære publikum!

Eg vil tørre å påstå at La Bohème er blant dei vakraste operaene som er skrivne. Det er eit musikalsk meisterverk som treff ein rett i hjartet!

Originalt er operaen skriven på italiensk og handlinga er lagt til omkring 1830. I vår versjon har vi flytta handlinga nærare vår tid og vi framfører han på nynorsk. Slik vonar vi publikum vil oppleve å kome tettare på dei ulike karakterane og historia som vert formidla.

Vi presenterer og ein versjon av La Bohème med færre solistar og utan dei store korpartia. Essensen av operaen er likevel godt ivareteken, og vi har veve han saman i ein meir intim atmosfære som vi trur vil gje ei god oppleving for publikum.

La Bohème tek publikum med på ei gripande kjærleiksreise saman med dei to para: Mimi og Rodolfo, Marcello og Musetta. Deira kjærleik famnar om både glede og sorg, og byr på intens lidenskap.

På scena har vi unge, dyktige solistar som lever seg inn i sine karakterar med all den kjenslemessige rikdommen det ber i seg.

Vi vonar de vil gle dykk over den musikalske reisa og historia saman med oss.

Takk for at de er her i kveld, og hjarteleg velkomen til La Bohème!

Kjærleg helsing,

Ann-Terese Aasen

Regissør



## Program La Bohème

Speletid: 1 t 10 m

### 1. akt

Poeten Rodolfo og målaren Marcello forsøker å halde varmen på julekvelden. Når Marcello tek turen mot Café Momus, bankar Mimi på døra med eit lys som ho ikkje får tend.

Det er kjærleik ved fyrste blick, og dei to flørtar rundt grauten til dei til slutt finn saman og lovar kvarandre evig kjærleik før dei legg ut i vinterkulda mot caféen.

### 2. akt

På Café Momus møter dei Marcello, og Mimi får syne fram den vakre, raude huva Rodolfo har kjøpt til ho.

Medan dei to turtelduene snakkar om den store kjærleiken og kor vakkert livet no skal bli, gjer Musetta (Marcello sin gamle flamme) sin entré i caféen!

Ho gjer alt ho kan for å fløyrt og fange Marcello si merksemt og gjere han så sjalu som mogleg, noko ho naturlegvis lukkast i. Til slutt gjev Marcello etter og omfamnar Musetta.

### Pause

### 3. akt

Noko tid er gått. Mimi møter Marcello der han og Musetta bur og fortel han om kor vanskeleg og sjalu Rodolfo er. Marcello hjelper som best han kan, og sender ein hostande Mimi heim for å kvile.

Rodolfo dukkar opp og fortel bestemt korleis tida er inne for å forlate Mimi, sidan ho flørtar med alt og alle. Marcello skjønner at han lyg, og Rodolfo innrømmer at det eigentleg handlar om at Mimi er sjuk, og at han ikkje klarar å sjå på at ho skal døy.

Plutseleg oppdagar dei at Mimi framleis er der, og har høyrte alt. Ho har ikkje sjølv vore klar over kor sjuk ho er før no. Ho prøvar å ta farvel med Rodolfo, men det er for trist å skulle vere åleine gjennom vinteren. Dei vert einige om å halde saman fram til våren kjem.

### 4. akt

Det er blitt vår, Rodolfo og Marcello forsøker å dikte og måle, men distraherer kvarandre med historier og minner om kvinnene dei elsker.

Plutseleg står Musetta på døra, ho har med seg Mimi som er døyande. Utsliten av sjukdom og strev får ho kvile i stova. Musetta og Marcello gjer det dei kan for å skaffe pengar til medisin og varme til den døyande Mimi, og let Rodolfo vere åleine med ho.

Mimi og Rodolfo snakkar om kjærleiken, og om korleis det var den fyrste kvelden då dei møttest. I varmen frå sine næraste somnar Mimi inn, lukkeleg over å vere hos sin Rodolfo.



OPERA  
KYSTEN

GIACOMO PUCCINI

# La Bohème

## I rollane:

Mimi	Nora Oleanne Sårheim - Sopran
Musetta	Lydia Hoen Tjore - Sopran
Rodolfo	Stian Økland - Tenor
Marcello	Dagfinn Andersen - Baryton
På Klaver	Andreas Taklo
Regissør	Ann-Terese Aasen
Lys	Matias Askvik

Nynorsk gjendikting ved Jostein Avdem Fretland.

Grafisk materiale er utarbeida av Endre Barstad.

## Helsing frå Styret

Styret i OperaKysten er glad for at vi endeleg kan presentere La Bohème av Giacomo Puccini og lovar publikum ei fantastisk kveld!

Vi vil takke våre frivillige og sponsorer for viktig støtte - utan dykk hadde vi ikkje klart å gjennomføre kveldens førestilling.

Styret bak OperaKysten er:

Solveig Willis (styreleiar)  
Signe Nordvik  
Einar Vereide  
Cecilie E. Udberg-Helle

Helge Sårheim  
Renate Svardal  
Asgeir Øvrebotten  
Kunstnarleg ansvarleg – Nora Oleanne Sårheim